



Ti tips til kulturkontaktar



1. Planlegg i god tid

- Bruk tid på å setje deg inn i programmet når det blir lansert.
- Set informasjonen i system, og få DKS-besøk inn i årshjulet så tidleg som råd. Helst før sommaren, seinast ved starten av skuleåret.
- Presenter DKS-tilbodet for året på eit fellesmøte ved starten av skuleåret.



2. Sørg for gode prosessar for utveljing av program

- Be lærarar kome med ønske for klassane sine. Dei kjenner elevane best og veit kva som treffer.
- Dann ei arbeidsgruppe som vel ut produksjonar. På vidaregåande er det naturleg at seksjonsleiarane deltek.
- Gå gjennom DKS-katalogen og gjer deg nokre tankar i forkant av møtet om kva produksjonar som passar for kva trinn eller klassar. På vidaregåande bør du også tenkje over korleis dei kan knytast til lærarplanen. Det gir eit godt utgangspunkt for ein gruppeditiskusjon og for utveljinga.
- Ver den som både sel inn og held tilbake. Kulturkontakten er den som får tilbakemeldingar viss det blir for mange besøk.
- Ver tydeleg på at DKS er eit bra og viktig tilbod for elevane og for skulen. Ordninga gjer skulen til ein betre plass å vere for elevane og er eit viktig bidrag til trivsel og fellesopplevelingar.

3. Gjer det enkelt for lærarar å finne informasjon



- Legg inn lenkjer til DKS-produksjonen som kvar enkelt klasse skal sjå, når du sender ut informasjon. Informasjon finn du på denkulturelleskolesekken.no/kontakt.
- E-postar med informasjon til lærarane bør vere kortfatta. Legg mest vekt på kvar ein finn informasjonen, og kvar ein legg inn tilbakemeldingar. Dei færraste lærarar er interesserte i å få informasjon om heile DKS-programmet til skulen.

4. Tenk godt gjennom valet av kulturvertar

- Få hjelp av kontaktlærarar til å velje kulturvertar.
- Vel elevar som er sterke på det organisatoriske, og som er til å støle på. Lag klare retningslinjer for kva de ventar dykk av kulturvertane.



5. Ver i forkant når det gjeld besøket



- Ta kontakt med utøvarane viss dei ikkje tek kontakt sjølv. Dette gjer gjerne ting enklare viss du ofte er utilgjengeleg på grunn av undervisning.
- Sørg for avklaring om det praktiske i god nok tid til å ordne ting som måtte dukke opp. Få oversikt over kor lang tid utøvarane treng til opprigging.
- Sjekk at skulen har det utøvarane treng av hjelpemiddel.
- Spør om diettbehov viss skulen skal servere lunsj.
- Avklar på førehand om utøvarane vil ønske publikum velkomne sjølv.





6. Ha løpende kontakt med DKS-administrasjonen

- Ta kontakt dersom du lurer på noko.
- Følg med på informasjonen som kjem fra regionkontoret. Sørg for å vere oppdatert så informasjonen kjem til rett tidspunkt for lærarane og elevane.
- Hugs at det kan vere mogleg å endre tidspunkt viss noko oppstår.
- Ikkje gløym at det å vere kulturkontakt ikkje går av seg sjølv. Du må vere på.



7. Sprei den glade bodskapen

- Heng opp plakatar før skulebesøk. Hugs at kulturvertar eller andre elevar kan vere dei beste til å lage flotte plakatar.
- Lag gjerne også ein digital plakat og del han med både lærarar og elevar. Gi lærarane ei påminning når besøket nærmar seg.

8. Ver ein god vert så utøvarane kjenner seg velkomne og sette

- Sorg for at både lærarar og elevar veit korleis ein er eit godt publikum.
- Minn lærarar på at dei som rollemodellar ikkje kan sitje på mobilen, småsnakke eller jobbe under framsyninga.
- Ha gjerne faste plassar viss heile skulen skal sjå ei framsyning saman. Vi tilrår at de sit klassevis. Då veit alle kvar dei skal setje seg.



9. Finn fram engasjementsgiret

- Prøv å vere litt sprudlande og engasjerte i besøket. Det er bra for deg sjølv – og det smittar.
- Ikkje stress deg opp, men gå inn i det med glede. Det er inga krise viss stolane ikkje står på geledd når utøvarane kjem. Det går fint!
- Dra fram elevgrupper som arbeider godt med stoffet, til inspirasjon for andre klassar.



10. Sørg for å få ressursbruk opp på leiarnivå

- Hugs at det å vere kulturkontakt ikkje er hobbyen din, men ein del av arbeidet ditt.
- Å vere ein god kulturkontakt handlar mykje om å få nok tid til arbeidsoppgåvene. Snakk med leiaren din dersom du kjenner at du ikkje har den tida du treng. Spør korleis leiaren din ønskjer at du skal prioritere, og korleis det eventuelt er tenkt at du skal utøve rolla viss ho ikkje er prioritert.
- Mange skuleleiarar tenkjer ikkje på å setje av ressursar viss det ikkje blir påpeika at det er eit behov. Ein rektor har hundre millionar ting å tenkje på. Du må ta ansvar. Det er viktig å løfte det opp på leiarnivå.



Kjelder: kulturkontaktane Svein Arve Våge, Ida Hauknes, Inger Johanne Revheim, Bente Kalta, Kenneth Ulla og Rune Kvammen



Kulturtanken
Den kulturelle
skolesekken
Norge